

Kvalheim 15.09.2014

Søknad om dispensasjon

Frådeling av hustomt på gr 28 br 9 eigar Torbjørn Bergtun, beiteområde, ca 500 m². Grunn til at eg ynskjer tomt på heimegarden er at eg gjerne vil ha familien rundt meg. Er avhengig av dei til daglige gjeremål pga min noverande helsetilstand. Har ein knesjukdom, har hatt 2 operasjonar, gått frå sjukehus til sjukehus, men til no har dei ikkje funne ut av det. Denne tilstanden har eg hatt i over 4 år no. Eg må ha meg eit hus med alt på ein etasje og håpar at dette let seg gjera. Representanter frå teknisk etat og landbruk har vore å sett på tomta.

Vegen som må lagas er vurdert av statens vegvesen og dei er positiv. Den er tenkt lagt tett inntil nabotomta og ut i eksisterande veg. Den delen av stykket som er tenkt til veg er idag berg og ulendt terreng og lite brukbart til beite. Ein traktorveg er inntegna på eit kart på det stykket og hadde den vorte laga hadde stykket vorte delt i to. No vert traktorvegen den samme som er tenkt til hustomta og den er óg viktig for å komma vidare til beite og utmark. Det vert óg grett å få sett opp gjerde, beita og slå med beitepussar.

Vegen skal tilhøyra bruket!
Huseigar skal ha vegrett.

Mvh

Rune Andre Bergtun
Rune Andre Bergtun
Radøyvegen 2474
5937 Bøvågen